



Nynorsk mediesenter

Status per 13.03.2009



- Lærerikt og kjekt, men svært travelt

For fyrste gong i Nynorsk mediesenter si snart femårige historie er det gjort ei gransking av korleis nynorskpraktikantane har det dei seks månadane dei er her. Andre veka i februar vart åttande og niande kullet spurde om det, og åtte av ti svarde. - *Utvalet er lite, men når det er over fem og så høg svarprosent, kan vi klart bruke resultata. Men ein må heile tida ha i mente at kvar einskild gjer store utslag når dei er så få,* seier Bitten Kallerud i Organisasjonsstaben i NRK.

Kallerud har gått gjennom granskinga og seier at resultatet er svært godt.

- *Miljøet er prega av lagånd, god stemning, godt humør og tillit til kvarandre. Alle medverkar til å gjere kvarandre gode, ein deler kunnskap og tek seg tid til faglege diskusjonar. Faglærarane er dyktige og fylgjer praktikantane tett med tilbakemeldingar, og leiinga er engasjert og syner interesse for praktikantane,* seier Kallerud.

Men det er heller ikkje tvil om at det er travelt og krevjande å vere nynorskpraktikant. To av tre praktikantar i fjor seier at dei opplevde så stort arbeidspress at det gjekk utover livskvaliteten deira.



- *I undersøkinga ber vi om svar på påstanden "Arbeidspresset er sjeldan så stort at det går utover livskvaliteten min", med svar på ein skala frå ein til sju. Men kva eit menneske legg i "livskvalitet" er høgst individuelt. I NRK si medarbeidargransking har til dømes dei yngre høgare skår på dette spørsmålet enn eldre,* seier Kallerud.

- *Vi er ikkje overraska over dette. På alle kulla har det vore sukka over kor mykje det er å lære og sette seg inn i på berre eit halvår. Noko har vi lempa på, og det var nok tøffare for dei tre fyrste kulla enno no. Men det er ikkje utan grunn at vi kallar desse seks månadane for ein "hestekur i journalistikk", og skal dei bli gode nok til å stå på eigne bein etter berre seks månader må det vere krevjande,* seier Magni Øvrebotten. Ho seier at alle som kjem inn vert førebudde på dette, og dei fleste ser at det er ei nyttig røynsle når dei etterpå får seg arbeid som journalistar.

Medarbeidargranskinga syner elles at nynorskpraktikantane i fjor var meir nøgde med den eksterne praksisen, enn den interne. - *Men dei kjenner seg svært godt mottekne over alt, får tilbakemeldingar, men vil gjerne ha meir,* seier Bitten Kallerud. Eksternt er det fadderordninga dei er misnøgde med, ho fungerer nokre stader, andre stader ikkje.

Tiande kullet og kringkastingssjefen



Frå venstre: Malin Dahlberg (1982), Ingvild Ryssdal (1983), Ingunn Thon (1986), Anna Gytri (1984) og Siri Kleiven Strøm (1987), saman med kringkastingssjef Hans-Tore Bjerkaas.

5. januar 2009 byrja tiande kullet i Nynorsk mediesenter, og vart kasta ut i to intense månader med grunnopplæring i journalistikk, data/teknikk og nynorsk for etermedia. 20. februar fekk dei besøk av kringkastingssjef Hans-Tore Bjerkaas.

Han oppmoda dei om å bli så allsidige som råd og at dei ikkje måtte forvente seg anna enn tilkallingsarbeid i starten. - *Det er der dei fleste må starte i NRK, og med den bevisste rekrutteringa og allsidige opplæringa som føregår her bør de vere godt skodde til å klare dykk, sa Bjerkaas,*

Han sa vidare at det er ideologisk viktig for NRK å spegle Norge, og ser nynorsken i lys av det. - *Å spegle landet og språket er ein rikdom for NRK. Eg gler meg meir over mangfaldet enn bekymrar meg over einfaldet. Men de må vere budde på at det ikkje er lett å vere nynorskbrukar i ein del redaksjonar, særleg dersom de vert åleine eller er få, er det tyngre. De må omarbeide stoffet språkleg og får ekstra arbeid med det. Eg trur viljen til å få det til varierer i redaksjonane i NRK, sa Bjerkaas.*

Onsdag 3.mars byrja tiande kullet i praksis i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane, og dei oppsummerer dei to fyrste månadane i Førde slik :

Malin Dahlberg :

- *Som nynorskpraktikant vart eg kasta ut i journalistikken med ein gong. Eg hadde inga røynsle, men på berre to månader har eg lært meg dei viktigaste journalistiske verktøya. Etter mange år på universitetet er det uvant, men herleg, å byte ut teori og førelesingar med praktisk opplæring. At godt språk og nynorsk i tillegg er i fokus, er fantastisk for ein språknerd som meg! No ventar fire månader med praksis – vonleg vil eg vere å finne innan journalistikken også etter at praksistida er over.*

Ingvild Ryssdal :

- Det er intenst og utfordrande, spanande og lærerikt. Dei to månadane ved Nynorsk mediesenter har flydd av garde. Vi har fått prøve oss sjølve frå dag ein, og læringskurva er bratt. Etter fleire år med universitetsutdanning ser eg dette som ein unik døropnar til yrket. No ser eg fram til den interne praksisen i redaksjonen hjå NRK Sogn og Fjordane.

Ingunn Thon :

- Det å få plass som praktikant ved Nynorsk mediesenter var utruleg nok i seg sjølv. Og då det attpåtil viste seg å vere overmåte interessant, vart eg, som sjølvaste Maria Magdalena, frelst! Tida som nynorskpraktikant har lært meg mykje. Alt frå bruk av det tekniske utstyret, til kor viktig det er å ha eit bevisst forhold til sitt eige språk. Sjølv om det til tider krev mykje av ei unnsleg bygdejente, har eg ikkje angra. Det kjem eg heller aldri til å gjere!

Anna Gytri :

- Eg har aldri lært og utvikla meg så mykje på så kort tid. Eg føler meg privilegert som har fått moglegheit til å lære både radio, internett og tv på same tid, og det har vore artig å få prøve seg på dei ulike flatene. Fleire gonger har vi gjort ting på "tull", og det har gjort til at vi har tort å sleppe oss endå meir laus. Den dagen vi gjer det på "ekte" veit vi at; Eg fekk det til sist, så då skal eg jammen gjere det i dag også. Eg gler meg til månadane vi får i redaksjonen saman med svært dyktige medarbeidarar som kan lære oss noko nytt kvar dag.

Siri Kleiven Strøm :

- Dei to fyrste månadane på Nynorsk mediesenter har vore utruleg intensive. I det du føler du byrjar å bli varm i trøya står plutsleg noko heilt anna på programmet, og ein må kaste seg rundt for å hengje med i svingane. Det flotte med dette er at du får smake litt på alt i løpet av 2 månadar. Eg sit att med appetitt på alt me har vore innom og gler med no til å få prøve litt av alt når me skal ut i praksis. Men mett, det blir eg nok aldri.

Niande kullet er i arbeid

Niande kullet var ferdige som nynorskpraktikantar 28. februar 2009. Alle er i arbeid etterpå. Erling Molt Korsnes (til venstre), arbeider i Her og Nå til påske og har fått sommarvikariat i NRK Trøndelag i Steinkjer. Samina Bruket er tilkallingsvikar i NRK Rogaland, Magnus Stokka er det same i NRK Dagsnytt, NRK. no og tekst-tv og Ann-Iren Finstad og Steinarr Sommerset er tilkallingsvikarar i NRK Kulturnytt.

Erling Molt Korsnes :

- Det følest som om det er eit år sidan eg var i Førde, sjølv om det berre er to månader sidan. Bakgrunnen min frå Nynorsk mediesenter har gitt meg eit vikariat ut sommaren i NRK Trøndelag i Steinkjer og erfaring frå fleire program og kanalar i NRK. Utan Magni, Olga og Geirmund hadde eg nok ikkje fått moglegheita til dette. Nynorsk mediesenter var min nøkkel til journalistikken, og eg kjem til å få bruk for alt eg har lært. Takk for alt!

Samina Bruket :

- Eg hadde ikkje peiling på journalistikk då eg byrja på Nynorsk mediesenter sist haust. Eg vil ikkje skryta på meg at eg kan alt no heller, men eg veit og kan nok til å få sjansen til å lære meir. Nyleg snakka eg med ein av biskopkandidatane i Stavanger, han lurde på om eg var nyttilsett i NRK lokalen. – Nei, eg har praksis som nynorskpraktikant, sa eg. – Å, seier du det, eg har vore nynorskpraktikant heile livet, svarte biskopkandidaten. Det er ikkje ein verna tittel me har i Nynorsk mediesenter, og godt er det.

Magnus Stokka :

- Dei to første månadane gjekk med til å lære oss verktya, men det var veldig kjekt at me tidleg fekk prøvd oss på lufta. Det gjorde kvardagen motiverande og hjelpte oss til å yte vårt beste. Når eg nå sit på desken i Dagsnytt ser eg nytten av raskt å bli kasta ut blant ulvane. Trur det trengst, om ein verkeleg skal få lære kva som må til.

Ann-Iren Finstad :

- Tida som nynorskpraktikant har stått til alle dei forventningane eg hadde då eg byrja, og vel så det ! Overalt har vi blitt mottekne med opne armar og av folk som har delt visdom og meiningar om kva journalistikk er. Det har vore eit halvår som kjem til å sitte spikra i minnet, og forhåpentlegvis i ryggmargen etter kvart.

Steinarr Sommerset :

-Etter eit halvt år under vengane til Nynorsk mediesenter, har eg no forlete reiret. Som tilkallingsvikar i Kulturnytt på Marienlyst, håper eg å kunne leve av journalistikken utover våren. Eg trivst særst godt med å jobbe innan kulturfeltet, og ser fram til å få praktisere vidare det eg har lært som reporter på både radio, fjernsyn og nett. Eg har sagt og skrive det før, men det står klarare og klarare føre meg: kombinasjonen av opplevingar, erfaringar og kompetanse, gjer halvåret som nynorskpraktikant til eit unikt tilbod. Takk for at eg fekk sjansen, det har endra livet mitt !

- Sklei rett inn i redaksjonen

Vi har hatt nynorskpraktikantar i ekstern praksis i NRK Kulturnytt to gonger før, men på niande kullet var det to som ynskte seg dit, samstundes. Vi var redde for at dei kunne bli ”i vegen” for kvarandre, men slik vart det ikkje. Prosjektleiaren Ellen Benedikte Kasnes oppsummerer røynslene med dei slik :

- Kulturnytt har vært så heldig å ha to praktikanter frå Nynorsk mediesenter i januar og februar i år. De to har sklidd rett inn i redaksjonen fra første dag. Begge var språklig sterke, hadde god journalistisk teft og de kunne alle verktøy vi bruker i redaksjonen. Dermed var det mindre behov for opplæring. Praktikantene deltok med gode ideer som førte til gode egensaker. De var begge positive og et flott tilskudd til redaksjonen. Vi var så fornøyde med praktikantene at begge har fått tilkallingsvikarkontrakter hos oss. Vi ser dem derfor fremdeles ofte i redaksjonen.

Det skulle ikke forundre meg om de to i framtiden kommer til å jobbe i Kulturnytt. Vi er svært fornøyd og ønsker gjerne praktikanter frå Nynorsk mediesenter igjen!

Kull 11 er lyst ut



**Vil du bli
nynorsk-
praktikant
i NRK?**

Søknadsfrist 15.april

For meir informasjon:
www.nynorskmediesenter.no

15. april er søknadsfristen til det ellefte kullet. Dei fem heldige vert tilsette i mai og skal byrje på opplæringa i Førde måndag 24. august. Dei vert i Førde til jul og etterpå er det to månader med ekstern praksis, i eller utanfor NRK.

- Vi tek aldri inn folk usedde og uprøvde, og det fyrste vi legg merke til er søknaden. Er dette ein person som har noko å fortelje, eller er det berre eit par setningar som syner til opplysningane på CV-en ? Dessutan vil vi ha attestar og vitnemål saman med søknaden, så slepp vi å mase om å få inn dei etterpå. I snitt brukar vi å ha kring femti søkjarar, og 10-12 av dei inne til intervju og studiotest, seier Magni Øvrebotten.

Nynorsk mediesenter leitar etter folk med engasjement, som brukar nynorsk og verkeleg vil bli journalistar. Det krev stor eigeninnsats og stå-på-vilje, at ein fylgjer godt med og held seg orientert om kva som skjer både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Det vert ikkje "reklamert" for utlysinga av ellefte kullet i NRK fjernsynet, slik det vart for tiande kullet. – Vi kunne godt tenkt oss slik "profil-markering" kvar gong vi lyste etter nye kull, men det let seg ikkje gjere. Men kringkastingssjefen har lova at det skal gjerast med ujamne mellomrom, for NRK FleRE og Nynorsk mediesenter, for å markerte at vi er ein del av samfunnsoppdraget til NRK, seier leiaren for Nynorsk mediesenter.

KURSVERKSEMDA

Våren 2009 har vi så langt teke på oss fire kurs i medietrening, eitt presentasjonskurs og eitt nettkurs. Det er kraftselskapa BKK og Tussa kraft, Fiskeridirektoratet og Telemarksforskning som har tinga kursa. Her er tilbakemeldingane på kursa vi har halde per dags dato i år :

Tydeleg og utfordrande

- Poengtert, tydeleg og utfordrande om korleis media tenkjer og kva vi må tenkje på for å bli lagt merke til, skriv Solveig **Svardal** som tilbakemelding på mediekurset med 25 tilsette i Telemarksforskning 26. -27. februar. Fyrste dagen var det fokus på korleis media tenkjer, og neste dag tok vi føre oss nettsida til Telemarksforskning, med øvingar i journalistisk skriving.

Ærlege tilbakemeldingar



- Kurset i medietrening var svært nyttig, ikkje minst fordi det la stor vekt på praktisk trening i TV-intervju. Vi fekk prøvd oss på både positive og negative saker som var relevante for jobben vi har til dagleg. Tilbakemeldingane etter kvar økt var ærlege og lærerike. Kjensla av meistring steig fort, samstundes som vi alle fekk vita kva vi bør jobba meir med, skriv pressekontakt Jarle **Hodne** etter at seks tilsette i BKK Energi var på kurs i medietrening 11.-12. februar.

Helprofesjonelt opplegg

- Kurset i medietrening var svært nyttig og relevant for oss i BKK Marked. Vi fikk en enkel og god innføring i mediernes rolle, men ikke minst fikk vi god trening i å stå foran en mikrofon og et kamera. Kursholderne hadde plukket ut aktuelle og relevante oppgaver som vi fikk prøve oss på. Nynorsk mediesenter har etter vår oppfatning laget et helprofesjonelt opplegg med pedagogisk dyktige kursholdere, noe som er med på å bygge viktig selvtillit hos deltakerne. Dette er tilbakemeldinga frå kommunikasjonsrågevar Anne Mette **Tuvin** i BKK Marked etter kurset 21.- 22. januar.

- Kvar blir nynorskpraktikantane av ?

Per 1.mars 2009 har vi sendt frå oss 45 nynorskpraktikantar, og 75,5 % av dei har heil- eller deltidsarbeid i media, tyngda i NRK. Ti av dei har fast arbeid, seks i NRK, ti har satsa på anna arbeid/studiar og resten er tilkallingsvikarar/vikarar i media, dei fleste i NRK.

Det arbeider tidlegare nynorskpraktikantar i Dagsnytt, Dagsrevyen, NRK Utanriks, NRK.no/tekst-tv, Her og Nå, Kulturnytt i P2, Juntafilredaksjonen i P3, Nattønsket i NRK, Newton i NRK1, NRK Torget (intranettet i NRK) og ved distriktskontora i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Nordland.

På nettsida www.nynorskmediesenter.no prøver vi å ha oppdaterte oversikter over kva tidlegare nynorskpraktikantar arbeider med, men vi er avhengige av at dei melder frå når dei skifter arbeid. Dette er det vi veit om dei fyrste ni kulla per dags dato :

Niande kullet – 25.august 2008 til 28.februar 2009



Frå venstre Steinarr **Sommerset** (1983), som er tilkallingsvikar i NRK Kulturnytt, Samina **Bruket** (1985) er tilkallingsvikar i NRK Rogaland, Ann-Iren **Finstad** (1980) er tilkallingsvikar i NRK Kulturnytt, Magnus **Stokka** (1985) tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt og Molt **Korsnes** (1984) er tilkallingsvikar i Her og Nå til påske, og har fått seg sommarvikariat i NRK Trøndelag i Steinkjer.

Åttande kullet 3.01. – 30.06.2008



Marit Holmquist **Fenne** (1980) er vikar på Torget, intranettet i NRK. Elin Thingvoll **Berge** (1980) er lærar i Tromsø, Olav Arne **Nedrelid** (1978) er lærar i Ålesund og tilkallingsvikar i NRK Møre og Romsdal, Roger Sevrin **Bruland** (1977) er tilkallingsvikar i NRK Utanriks/Alltid Nyheiter og Eivor **Brandseth** (1985) slutta på grunn av sjukdom.

Sjuande kullet 03.09.2007- 29.02.2008



Eva Marie **Felde** (1981) er informasjonsmedarbeidar i Datatilsynet, Eline Buvarp **Aardal** (1984) er vikar i NRK Sogn og Fjordane, Håvard **Tvedte** (1981) er bibliotekar i Stortinget, Ingunn **Viken** (1980) er tilkallingsvikar i NRK Møre og Romsdal og Ivar **Folkedal** (1983) er tilkallingsvikar i NRK Nyheter og studerer til mastergrad i journalistikk ved Universitetet i Oslo.

Sjette kullet 03.01 - 29.06.2007



Gunhild **Sølvberg** (1978) arbeider i Gateway College, Yngvill Kolset **Haga** (1980) er tilkallingsvikar i NRK P2, Mona **Vettrhus** (1975) skriv for tida på ei diktsamling, Ragnhild **Bjørge** (1977) er tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt og Inger Synnøve **Tveito** (1985) studerer russisk ved Universitetet i Oslo.

Femte kullet 04.09.2006 – 02.03.2007



Bjarte **Vik** (1986) tek lærarutdanning ved Høgskulen i Bergen, Marianne **Feste** (1981) er vikar i NRK Hordaland, Gøril **Furu** (1984) er programleiar for "Nattønsket" i Natradioen til NRK, Ingrid **Hognaland** (1986) er nettjournalist i Haugesunds Avis og Vidar **Eidhammer** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Rogaland og studerer journalistikk ved Universitetet i Stavanger.

Fjerde kullet 03.01.2006 – 01.07.2006



Asgeir **Reksnes** (1979) er vikar i NRK Sogn og Fjordane, Bergit Sønstebø **Svendseid** (1984) studerer til Master i internasjonal juss i London og er tilkallingsvikar i NRK Alltid Nyheter når ho er heime, Erlend Błaalid **Oldeide** (1984) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane, Ingrid Z. **Aanestad** (1983) er forfattar og har kome med ny roman i haust, Øystein **Windstad** (1983) er journalist i Trønderbladet, der han ikkje får skrive nynorsk.

Tredje kullet 01.09.2005 – 03.03.2006



Sølve **Rydland** (1984) er vikar i NRK Hordaland og held på med BA-grad i samanliknande politikk ved Universitetet i Bergen, Marita **Haugo** (1982) er fast tilsett som krimjournalist i Drammens Tidende, men får ikkje skrive nynorsk. Gisle **Forland** (1981) er fast tilsett i NRK Nordland, Karoline **Kalstveit** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og student ved Arkitektthøgskulen i Bergen og Håvard **Hamnaberg** (1978) er avdelingsingeniør i ressursseksjonen i NVE, med fornybar energi som spesialfelt.

Andre kullet 02.01.05 - 01.07.05



Solveig **Hareide** (1983) er programleiar for Newton i NRK1, og fast tilsett. Eli **Vaage** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer litteraturvitskap ved UiB, Ingebjørg **Bø** (1977) er fast tilsett i Telemarksavisa og har foreldrepermisjon frå 15. november 2008, Birte Njøsena **Horne** (1984) studerer media og samfunn i New York, med permisjon frå fast jobb i Nitimen, Janne-Marit **Myklebust** (1981) har foreldrepermisjon frå mai 2008.

Fyrste kullet 01.9.2004 – 28.02.2005



Eli **Bjelland** (1981) er tilkallingsvikar i Dagsnytt, Dagsnytt 18 og Tekst-TV, Knut Åge **Teigen** (1970) er fast tilsett i videoselskapet Snøball, og lagar mellom anna undervisningsfilmar for Utdanningsdepartementet, Svein Ove **Hansli** (1976) er fast tilsett i Dagsrevyen, Maria **Rivedal** (1981) er fast tilsett i Juntafilredaksjonen i NRK P3 og Inger Johanne **Sæterbakk** (1981) er marknadskonsulent i Hålogaland teater.

Visjon og verdiar

”Stolt nynorsk”

er visjonen til Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode, nynorskbrukande føredøme i etermedia.

Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreiding av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio, fjernsyn og Internett.

Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie - og samfunnsdebatten.

”Dyktig - frodig – framfus”

Dette er verdiane Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere og kva som skal prege både dei som arbeider her, og dei som får opplæringa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at **dyktig** vert omdømet til Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein **frodig** tradisjon som Nynorsk mediesenter skal byggje vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere dyktig for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt **framfus** i den positive tydinga av ordet: Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.

Løvetanna



er bumerket til Nynorsk mediesenter. Det er grafisk designar Eva Hallaren i Gasta reklamebyrå som har laga både det og heile designprogrammet for Nynorsk mediesenter.

Slike statusrapportar som dette lagar vi fire av i året. Vi sender dei til leiinga i NRK, til redaksjonar som tek mot praktikantar i praksis, journalistar, politikarar, nynoskrørsla og andre som spør etter korleis det går med oss. Du finn alle tidlegare rapportar på nettsida vår, under [”Statusrapportar”](#).

POSTADRESSE:

Nynorsk mediesenter
Postboks 100
6801 Førde

BESØKSADRESSE:

Nynorsk mediesenter
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2
6800 Førde

TELEFON:

Leiar : 57 72 42 30 Faglærarar :
57 72 42 74
Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:

nynorskmediesenter@nrk.no

NETT:

www.nynorskmediesenter.no

